

Sogndal Idrettsråd

Sogndal kommune v/ Torkjel Solbrå
Sogndal kommune v/ Kristin Rundsveen Bøtun

2 .mars 2023

Skuleplan for Sogndal kommune – uttale frå Sogndal Idrettsråd

Vi viser til utarbeidd Skuleplan for Sogndal kommune.

Sogndal Idrettsråd vil ikkje ta stilling til plassering av ny skule i Sogndal sentrum. Dette er ikkje ei oppgåve som høyrer til ansvarsområdet for Idrettsrådet.

Talet på barn og unge veks i Sogndal sentrum, dette er ei svært bra utvikling. Ein effekt av dette er at eksisterande idrettshallar/lokalitetar har for liten kapasitet. Realiseringa av ny Fleirbrukshall bør dermed skje snarast råd.

Etter vårt syn er beste lokaliseringa av fleirbrukshall på Kvåle. Her ligg det ei rekke andre anlegg allereie slik at hallen blir samlokalisert med desse. Dette er, slik vi ser det, beste løysinga både for barn og foreldre.

Vi vil og peike på kastområde til friidrettsbana jf. kommunalt vedtak heilt tilbake frå 2009. I ettertid har kommunen fått tilskot (2010) til å utarbeide nytt område for kast, dette er framleis ikkje utført. Sogndal Idrettsråd ber om at nytt område for kast blir etablert i samsvar med vedtak frå 2009

Tobias Dahle
leiar

Vedlegg: Uttale frå Sogndal Idrettslag(SIL)